

# ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2017 - PÅSKA 2018

Medlemstalet ved årsskiftet var 63 medlemmar.

Økonomien i foreininga er tilfredstillande. Ved årsskiftet hadde foreinga 33.195 kr på medlemskonto.

Styret: Leiar – Tore Johansen  
Styremedlem/sekretær – Paul Sundnes  
Kasserar- Unni Silden Hennøen  
1. vara: Jarl-Magne Silden  
2. vara: Kari Sølvberg Silden

Styret har hatt to innkalla styremøte i funksjonsåret (påske til påske). Referat frå styremøtet kan lesast på [www.silda.com](http://www.silda.com) / velforening/

## Aktivitetar gjennomførde i 2017

### 1. Lakseoppdrett ved Nord-Silda

vart dem store saka i 2017. Styret hadde i juni uformelle drøftingar, og styremøte 10. juli som vedtok protestskriv til kommunen.

Laget vart kontakta av initiativtakar Søråa og gitt informasjon om søknaden med kart og biletanimasjon. Dette vart publisert på Silda.com, saman med innkalling til grendalagsmøte 27. juli. Vi bad journalist Knut Magnussen om å skrive referat frå møtet, som dagen etter vart lagt ut på silda.com.

Oppslaget i Fjordenes Tidende 22. august kom som ei overrasking på styremedlemene.

Der vart nok formannen tatt litt på senga og sitert annleis enn han hadde tenkt. Dette førte til at dei andre i styret stod bak eit dementi til Fjt, ført i pennen av varamedlem Jarl-Magne Silden, fordi sekretæren ikkje ville engasjere seg meir i saka.

6.desember gjorde Fylkesmannen i S&Fj endeleg vedtak, i søknaden om oppdrettsanlegg ved Silda. Vedtaket i Vågsøy formannskap, av 17. august om å gi dispensasjon for ankring av oppdrettsmerd i NFF-området, vart oppheva. Vedtaket var endeleg skriv Fylket i dokumnetet.

### 2. Dugnad.

Juli 2017 vart ein sørgjeleg sommarmånad og dei fineversdagane som kom, inn i mellom, vart det berre gjennomført mindre arbeid. Nokre tok, på privat initiativ, laus med rydding av stien Silda rundt. Stien rundt Johnshaugen vart delvis omlagd av Jarl Magne Silden, etter avtale med grunneigar Magne Venøy.

Paul gjekk i 2016 opp stiane, også om Djupevågen, og markerte fastpunkt med GPS. Skreiv dette ned på kart og foto som i september 2016 vart levert til teknisk etat i Måløy. Der vart det lova at karta skulle oppdaterast i samband med den nye arealplanen. Ingen ting har skjedd, og det har vore purra to gongar.

Før slut-tilskot frå Gjensidigefondet kan krevjast inn må stiane vere ferdig, etter planen, med informasjonstavle. Sidan Vågsøy kommune tydlegvis har lagt bort arbeidet med ny arealplan kan det sjå ut til at Silda Velforening må ta kostnaden med å få oppdatert kartet over Silda.

### 3. Renovasjon på Silda

Normil bygde i 2017 søppelrom på kaia. Dei meiner at to kontainrarar er nok for 2 vekers innsamling, også i ferietida.

Normil har klaga på at mange dumpar ting frå kjellar-rydding, elektroartiklar, inventar/møbler av ulikt slag samt boksar med olje/måling. Dette er ting som må leverast på mottak i land og Normil meiner dette er grunnen til at kontainrarane vert overfylt.

Sekretæren har vore i kontakt med Normil og oppmodar dei om å lage eit skikkeleg oppslag på søppelrommet, om ordninga og kva som kan leverast av restavfall.

Ordninga på Silda var drøftingsak i Normil sitt styre i september 2017. Vi fekk kontakt med ein styremedlem i Normil, Einar O. Midtbø, som opplyste at problemet med ordninga vil bli drøfta i 2018. Han antyda, i telefon etter styremøtet, at Normil vil vurdere ordninga sommaren 2018. Ordninga vil ikkje bli endra før informasjon vert gitt.

4. **Grillsamling**

på skuleplassen vart ikkje arrangert i 2017, grunna dårleg ver i veke 29 og 30. Grillkol og premiar vart kjøpt inn i 2016, og kan brukast sommaren 2018, om dette vert arrangert..

5. **Grasrotandelar**

Silda Velforening mottok grasrotandelar frå Norsk Tipping for 2017 på totalt Kr. 5119,55.  
**Fantastisk !!!**

Vedteke i styremøtet 24. februar 2018

Tore Johansen - styreleiar